

Kompetanseutvikling i oppvekstsektoren i Gol saman med heile Hallingdal

Kompetanseutvikling for barnehagar og skuler i Hallingdal har utgangspunkt i ny satsing i rammeplan for barnehagen og ny overordna del i opplæringsplan for skulen.

Med utgangspunkt i dette er overordna felles tema «**Livsmestring i eit inkluderande læringsmiljø**», og ein felles pedagogisk plattform for oppvekstsektoren i Hallingdal:

- Alle barn opplever trivsel og glede i leik og læring
- Barn og unge som veks opp i Hallingdal opplever framgang og mestring
- Alle er ulike og både barnehage og skule tilpassar læringa til den enkelte
- Alle tilsette varierer metodebruken og har kunnskap om og brukar ulike læringsstrategiar i eit inkluderande fellesskap.

For barnehagen betyr det å vere eit trygt og utfordrande sted der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Dei skal få støtte til å mestre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med eigne og andre sine følelsar. Dette visast i utviklingsarbeid som kvar barnehage arbeidar med i prosjektet «**Inkluderande barnehage- og skulemiljø**». Oppvekstsektoren i Hallingdal har vore med i den store nasjonale satsinga i perioden 2018-2019, og valt å vidareføre dette viktige arbeidet ved å bli med også i perioden 2020-2021. Her fortsetter vi å legge vekt på gode leikemiljø med fokus på trivsel og inkludering av alle, og å få barna til å forstå kva utestenging og mobbing gjer med den enkelte. Foreldra er også ein viktig samarbeidspart for at dette skal prege heile barnet sin oppvekst.

Prosjektplan Inkluderande barnehage- og skulemiljø for Gol 2020-2021, her